

Forslag til tiltak - Innkomne innspel til trafikksikringsplan 2021-2025 og vidareførte tiltak frå føregåande plan

## Hovden; kommunalt ansvarsområde

Pri	Tiltaksstad	Tiltaksbeskrivelse	Grunnlag for tiltak	Ansvarsområde/ vegmyndigheit	Vurdering av tiltak
1	Røyrvikvegen	Berre soneskilt på venstre side av vegen, lett å oversjå.		Kommunen	Kan ordnast
1	Breivevegen	Etablering av fartsdumper før og etter skiløypekryssing i Breivevegen, før avkøyring til Otravegen og Djupetjønn.	Mykje biltrafikk og tungtrafikk som ikkje overheld 50 sona. Sjenanse med støy og farlege situasjonar.	Kommunen	Lite gunstig for tungtrafikk med fartsdumper. Bør vurderes andre alternativer.  Bedre skilting
1	Breivevegen	Vikeplikt skilting på stikkvegar i Breivevegen.	Skisentervegen, Otråsåsen, Djupetjønn Hyttegrend m.fl.	Kommunen	Avklare om vikepliktskilt kan brukast på slike veger.
1	Breivekrysset/ skisenterkrysset	Skilta og merka fotgjengerovergong  Skilte vikeplikt. (Usikkerhet rundt vikeplikt i krysset)  Utbedring av krysset	Det er mange som trur det er fotgjengarovergang frå gangvegen langs Skisentervegen over til gangveg Breivevegen. (skiløypekryssing) Generelt sett eit lite oversikteleg kryss.	Kommunen	Vurdere ombygging av heile krysset.
2	Hovden, Mellom Fjellgardshallen og bort til Hovdebru.	Fareskilt hest (forslag): - I området ved vegkryss Breivevegen/ Røyrvikvegen - I området ved Breivekrysset/ skisenterkrysset - Mellom Hovdebru og Otravegen.	Svært opptekne av sikkerhet i trafikken for dei som ferdast med hest. Ny etablering av Fjellgardshallen.	Kommunen	Bør vurderast.

1	Skulevegen	Utbetring av vegen her, bør rettast ut.	Mellom Skulevegen og personalets parkeringsplass ved skulen er det eit veldig uoversiktleg sted, vegen er smal med kurve. Sikten blir hindra/begrensa av vegetasjon/stein/snø. Ofte står det vaksene vaktar for å passe på i utkøyrsla.	Kommunen	S-sving i botnen av veg til barnehagen. Bør rettast ut. Klar over situasjon
1	Skisentervegen, bru	Senke ned fortauskant ved gangfelt for at rullestol, sykkel og barnevogn lett kan krysse. Evt. også ein tydlegare avgrensing mellom veg og fortau. (gjerde/høgre kantstein)	Hindrar dei som sykklar og kan verke forvirrande på barn. Fleire barn har uttrykt bekymring for denne krysninga. Problematisk for barnevogner og rullestolbrukarar.  Frå skuleelevane: ungdom nyttar bilvegen i staden for fortau som sykkeltrase då det ikkje er senka kant ved kryssinga - Skisentervegen.	Kommunen	Intensivbelysning er etablert.
3	Avkøyring til ladestasjon på Hovden	Oppstramming av avkøyrslar, knyte saman med fotgjengarovergang.	Ope avkøyring som kan oppfattast som uoversiktleg. Ofte bilar parkera i avkøyrsla.	Kommunen	Blitt betre etter utbetringar hausten 2020.
1	Avkøyring til Stussli	Rette opp avkøyringane frå 45* til ein 90* vinkel.	Avkøyringane blir komplisert dersom ein kjem frå sør og skal inn.	Kommunen + SVV	må evt. prioriterast med fortau/gangfelt og SVV
3	Stussli	30 sone er for dårleg skilta, står for tett på kryss. (Sjå på skilt på begge veger i Stussli) Gatelysa i boligfeltet er for svake, barn synes dei lyser dårleg.	Vegen deler seg i to, vurdere om det er mogeleg å skilte betre.	Kommunen	Skilting er bra  Belysning i høve til norm.

1	Stussli	Mange skarpe svingar med dårleg oversikt. Ved utbetring; alternativt lage fortau.	Trafikksikring bør vurderast. (Belgli 25, Malmvegen 4, Malmvegen på høyde med Blesterkroken)	Kommunen	
2	Malmvegen og Blesterkroken	Drenering Malmvegen 15 – Snø opplagring midt i krysset, bør sjå på alternativer	Flaum i kryss i frå Blesterkroken – gir og uhell og møteproblem særleg med ising– Malmvegen / Blesterkroken. Snøopplag – hindrar sikt i svingen/ krysset – farleg for barn	Kommunen	
2	Malmvegen	Etablering av fartsdumpar	Generelt høg fart, trass 30 sone.	Kommunen	Velforening bør komme med forslag til plassering. (direkte til TDE)
1	Blesterkroken	Ofte trafikkfarlege situasjonar, gangvegen kjem ut i veggen. Etablering av sperre/port i gangvegen, då må dei stoppe og sjekke at veggen er klar. Fjerne vegetasjon, i kombinasjon med svingbom/stengsel	Sommerstid kommer det rett som det er (hovedsakelig) barn og unge i full fart med sykkel fra gangveien og ut i kjøreveien. Vinterstid er det enda farligere med full fart ut i veien på snøscooter, ski eller rett og slett skliende ned frå gangvegen.	Kommunen	Alternativt: Opparbeiding av gang-sykkelveg som er regulert.
3	Stussli- Austmannalii	G/s-veg mellom Malmvegen/Blesterkroken og Jernvegen		Kommunen	Er for bratt for brøyting, sommarveg.
1	Gangveg frå Malmvegen ned forbi hybelbygget	Gangveg er øydelagt og må fiksast.		Kommunen	Blir utbetra våren 2021

1	Gangveg Stusfuttjønn (Malmvegen-Jernvegen)	Lyssetting. Også forlengast mot nord og koplust saman med sentrum.	Mykje brukt vinterstid.	Kommunen	Sjøast i samanheng med Stusslikryss + gangveg til sentrum
1	Jernvegen	Sving ved jernvegen 1. Utretting av sving (garasje). Forbetre sikten.  Alternativt tiltak: Etablere spegel for å sjå gjennom kurven. (prioritet)	Farleg sving! Ofte nesten ulykker, bør komme på plass spegel fort.	Kommunen	Større prosjekt mtp. EL-kabel og eigedomsgrenser. Endre sving i reguleringsplan.  Reguleringsendring innkøyrsel på privatboliger (krev endring av eksisterande situasjon)
3	Fv341 Skisentervegen	Separat bru for skiløype over Otra		Bykle kommune	Vidareføring frå gammal plan

## Hovden; Fylkeskommune og Statens vegvesen sitt ansvarsområde

### - Tiltak som ein kan fremja for vegmyndigheiter

Pri	Tiltaksstad	Tiltaksbeskrivelse	Grunnlag for tiltak	Ansvarsområde/ vegmyndigheit	Vurdering av tiltak
1	Hovdekleivi	Forlite fartsreducerande etter asfaltering.  Realisere g/s veg frå kolmila til Rv9 – kulvert for krysning av Rv9 (vidareføring frå gamal plan).	Foreldre byter på som vakt / køyrer tidvis ungar då dei synest det er utrygt. Også dei som skal til og frå Skigymnas, alle aldersgrupper til trening / grendehus nyttar snarvegen. Spesielt vinterstid med høge kantar.  Hovdekleivi er kanskje den aller viktigaste / farlegaste kryssingspunktet.	Statens vegvesen + Bykle kommune	Svv: Skal sjekke at fartsdumpar er tilpassa 40 sone.  Kommunen sitt ansvar å realisere g/s veg frå kolmila til Rv9. (kryssingspunkt SVV) Større

1	Jernvegen/RV9	Ønske om busstopp ved Jernvegen. (Dette gjelder hovedsakelig for skulebuss)		Statens vegvesen	
1	Rv9/Jernvegen	Kryssing av RV9 til Jernvegen, utrygg. Ønske om tilrettelagt kryssingspunkt. (Austmannali)  Skulevegskilt / fareskilt Skilt som viser din fart.	Særleg utfordring fredagar, når det er mørkt / mykje trafikk	Statens vegvesen	Det er lagt inn vegstubb som gjer kryssing av vegen lettare enn tidlegare. SVV: Gangfelt er ikkje aktuelt i 60 sone.
1	Rv9	40 sone går frå Hegni. Fotgjengerovergang – skuleveg	Mange som kryssar vegen ved Austmannali for å gå til Hegni. (Skule, rekreasjon, osv.) Sjåast i samanheng med føregåande tiltak.	Statens vegvesen	SVV: 40 sone er strekt så langt som mogeleg i Hovden sentrum. Sjekkast ut mot fartsgrense kriteria.
1	Hovden sentrum	YX: fylling av bilar føregår på gangsti.  Oppmerka gangfelt mellom Coop og Kiwi.  Utviding av 40 sone mot nord (starte ved hotellkrysset)	Dette blir uoversiktleg for alle partar.  Ei mykje nytta krysning	Statens vegvesen	Større – Tilrettelagt fortau på andre sida av vegen, vil gi born ein trygg skuleveg - Blir gjennomført sommaren 2021  SVV: 40 sone er strekt så langt som mogeleg i Hovden sentrum. Sjekkast ut mot fartsgrense kriteria.
1	Hovden sentrum	Fareskilt – kryssing barn- og unge.	Grunna mykje massetransport i gjennom Hovden sentrum, spesielt i arbeid/skuletida.	Statens vegvesen	SVV: Vurdering etter skilthandbok. Situasjonen er betra i Hovden sentrum.
1	Rv9 og Skisentervegen	Rundkøyring i kryss Rv9-skisentervegen		Statens vegvesen + kommunal finansiering	Vidareføring frå gammal plan Større
3	Fv341 Skisentervegen	Undergang ved Rv9 (rundkøyring)		Fylkeskommunen	Vidareføring frå gammal plan

3	Hegni – Harteavatn sør	Gangsti/turveg langs med Harteavatn. (del av ønske om rundløype)		Statens vegvesen (aksept) + Bykle kommune	Større
1	Avkøyring ved Harteavatn industri	Viktig å få løyst i samband med reguleringsplan RV 9	I dag eit farleg kryss, uoversiktleg og høg fart. Mykje tungtrafikk inn og ut heile dagen.	Statens vegvesen + Bykle kommune	Utbetring av eksisterande avkøyrsel. Ferdig haust 2022. Større prosjekt

## Midtregionen; Statens vegvesen sitt ansvarsområde

### - Tiltak som ein kan fremja for vegmyndigheiter

Pri	Tiltaksstad	Tiltaksbeskrivelse	Grunnlag for tiltak	Ansvarsområde/ vegmyndigheit	Vurdering av tiltak
2	Badstogdalen	Etablering av busslommer ved hyttefelt i midtregionen (Badstogdalen og Solheim)	Helgetrafikk – i 80 sona – etablerte hyttefelt og ikkje busslomme. På og avstiging utanfor busslommer, ekstra ansvar på sjåfør.	Statens vegvesen	Reguleringsplan Rv 9.  Fleire hyttefelt med same problem. Ferdig haust 2022.
2	Harteavatn sør – Badstogdalen	G/S veg		Statens vegvesen + Bykle kommune (finansiering av g/s)	Del av nye Rv9 strekke.
3	Rv9	Skiløypekryssing	Ein del løyper som er avhengig av å krysse Rv9. Nordli, Lundane mv...	Kommunen + Statens vegvesen (kryssingspunkt)	

## Bykle; kommunalt ansvarsområde

Pri	Tiltaksstad	Tiltaksbeskrivelse	Grunnlag for tiltak	Ansvarsområde/ vegmyndighet	Vurdering av tiltak
3	Sarvsvegen 18	Sarvsvegen 18, Trafikkfarleg blanding av tilkomst/ oppholdsplass til SFO og bil parkering	Opprette skille mellom SFO og parkering. Ny adkomst til parkering frå veg til Nedre Sarv	Kommunen	Potensielt ei løysning, fordrar ei reguleringsendring. Relativt nyetablert slik det er i dag.
2	Nedre Sarv	Nedre Sarv – Byggefelt – Svingete, «humpete» og dårlig sikt fra nr 7 – 11 og 6 - 8 (spesielt om vinteren)	Rette ut, fjerne sikt hindringer.	Kommunen	Gjennomførbart
1	Håmåren	Etablere svingbom ved Håmåren i Bykle kyrkjebygd.	G/S veg som kjem rett ned på Rv9, syklistar kjem i storfart.	Kommunen	

## Bykle; Fylkeskommune og Statens vegvesen sitt ansvarsområde

### - Tiltak som ein kan fremja for vegmyndigheiter

Pri	Tiltaksstad	Tiltaksbeskrivelse	Grunnlag for tiltak	Ansvarsområde/ vegmyndighet	Vurdering av tiltak
3	Sarvsvegen	Fortau frå bustadfelt til Rv9 (Grønemyr)		Fylkeskommunen	Mindre naudsynt utan G/S-veg langs Rv9, ned mot Sarvsdammen igjen
1	Jarevegen - sarvsvegen	Utbetring av kryss Jarevegen (for mjuke trafikantar hovudsakleg)	Uoversiktleg kryss	Fylkeskommunen + kommunen	Vidareføring
1	Bykle	Forlenging av 60 sone til nord for YX.		Statens vegvesen	Kommunen har søkt om å senke til 50km/h tidlegare, utan at dette er blitt godkjent.
1	Coop - YX	G/S langs Rv9 frå Prix til YX stasjonen.	Folk brukar minstemotstandsveg (går langs riksvegen)	Statens vegvesen	Håmåren = gangveg

1	Skuleveg i Bykle	Krysning ved Coop, knyte sammen butikken med resten av bygda.	Fleire som har dette som skuleveg. (men viktig å tenke på at dei brukar den på fritida også)	Statens vegvesen	Svv: ÅDT må opp i 20-25 som minimum pr. time for at det skal vere aktuelt å vurdere gangfelt.
3	Busslomme, Prix	Ventebuer ved busslomme ved Prix i Bykle		Statens vegvesen	Vidareføring frå gammal plan
3	Bykle-Storetjønn	Utvida skulder opplevast som utrygg.		Statens vegvesen	
3	Rv9 - Storetjønn	Fortau – g/s veg Nordbygdevegen frå RV 9 til Badeplass Storetjønn	Smal og svingete veg og uoversiktleg veg.	Otra kraft	Lite trafikkert veg. Siktrydding som eit alternativ til g/s veg.
1	RV9	Kryssingar RV 9 for gåande ved Mosdøl	Skilting, belysning osv.	Statens vegvesen	Sjekke kor mange som kryssar ilpt. av ein dag.
1	Rv9	Lislestog	Skilting, belysning osv.		Sjekke kor mange som kryssar ilpt. av ein dag.
3	Parkering Byklestigen	Kryssing av Rv9 (god sikt), utfylling på nedsida av vegen mot Otra.	Kan vere litt krevjande å gå på nedsida.	Statens vegvesen + kommunen.	
2	Kryss ved Trydal – Moen	Lyssetting		Statens vegvesen	Det er ikkje lyssett.
	Kommunevegar og fylkesvegar	Få på plass rett vektgrense/vektklasse på dei ulike strekker.	Feil grense føre til unødvendig mange turar for å ha mindre last (for å overhalde vektgrensa).	Kommunen og Fylkeskommunen	Engasjere konsulent (berekningar, faglege vurderingar)



## Barnehage og skule

### - Haldningsskapande –, informasjons – og opplæringstiltak

Pri	Tiltaksstad	Tiltaksbeskrivelse	Grunnlag for tiltak	Ansvarsområde	Vurdering av tiltak
	Barnehagane	Melde alle barnehagar inn i Barnas Trafikkklubb, Trygg Trafikk	Tidleg trafikkopplæring av barn	Oppvekst	Gratis
	Barnehagane	Digitale kurs for styrarar i barnehagen	Kunne bidra til relevant trafikk informasjon overfor barna	Oppvekst	Gratis digitale kurs eller fysiske kurs, tilsendt informasjon
	Bykle barne- og ungdomsskule og Fjellgarden skule	Ta i bruk «Sykkeldyktig.no» som undervisningsopplegg i 4. 5 og 6. trinn	Kunnskap om sykling og trafikkreglar	Oppvekst /skulane	Gratis
		Trafikkdag – alle 1.* og 2. trinn gåløype	Ferdighetstrening	Oppvekst / skulane	Kan få hjelp til gjennomføring frå 0- visjonen Agder
	Bykle barne- og ungdomsskole	Årleg tilbod om trafikk som valfag 9. eller 10. trinn  Trygg Trafikk har materiell til faget  Klassen kan besøke Trafoen i Sørlandsparken.	Kunnskap om trafikk, risiko og åtferd  Trygg Trafikk har materiell til faget	skulen	Valfag i u-skole

	Bykle barne- og ungdomsskole	«Underveis»- digitalt verktøy	Haldningsskapande	skulen	Gratis materiell til denne aldersgruppa
	Bykle barne- og ungdomsskole	Sikring i buss	Setesdal Bilruter kan stille opp med demonstrasjonar av viktigheita av setebelte i buss og om uro på buss	I samarbeid med busselskapet	Nyttig supplement til andre tiltak
	Vaksenopplæringa	Vise viktigheit av bruk av refleks. + utdeling av refleksar	Personar som er flytta hit kan vere vakse opp i byen med gatebelysning – ikkje sikkert dette er noko som blir tenkt på langs vegen i Bykle kommune.	Vaksenopplæringa	

## Organisatoriske tiltak

Pri	Tiltaksstad	Tiltaksbeskrivelse	Grunnlag for tiltak	Ansvarsområde	Vurdering av tiltak
	Godkjenning som Trafikksikker kommune	Godkjenningsordning gjennom Trygg Trafikk	Sikrar at alle avdelingar jobbar systematisk med TS	Kommunedirektør/adm.	Gratis
	Sikre at det blir utført detaljert og konsekvent oppfølging av tiltaka i handlingsplanen.			Planavdelinga, byggesak og TDE	
	Følge rutinar som skal sikre at trafikktryggleik blir tatt omsyn til i nye planar og politiske vedtak.			Administrasjonen	

Rev 30.06.21, KS vedtak 29.06.21, sak 74/21